vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

29. november 2017

LBR3003
Gardsdrift / Gårdsdrift

**Programområde:** Landbruk

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen vedlegg. |
| **Informasjon om vurderinga** | Når du løyser oppgåvene, må du beskrive og grunngje vala du tar. Det er svært viktig å disponere eksamenstida godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgåvene.<br><br>Du viser elles kompetansen din i faget ut fra kompetansemåla i læreplanen ved å:<br>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva<br>• Ta med ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva<br>• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine<br>• Beherske relevante grunnleggjande ferdigheiter<br>• Bruke eksempel der dette er relevant<br>• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte |
| **Andre opplysningar** | Oppgåvesettet inneheld oppgåvene 1, 2, 3 og 4. Du skal svare på alle. |

## «Case» / bakgrunn for oppgåva:

Kari skal overta eit gardsbruk frå foreldra sine. Dyrka mark er i dag er leigd bort til naboen Ola. Han har i dag potet- og grasproduksjon på leigejorda. Leigeavtalen går ut 31.12.2017.

Mjølkekvoten er selt.

Våningshuset er i god stand, det same er et reiskapshus på 80 kvadratmeter. Fjøset er eit nedslite mjølkefjøs frå 50-talet med båsplass til 12 kyr. Det er 200 dekar dyrka mark med omlag halvparten moldrik steinfri sandjord og halvparten myrjord.

Myrjorda er rimeleg godt drenert.

Det meste av maskinar og utstyr er frå 80-talet. Det er to traktorar og utstyr for silolegging, jordarbeiding, gjødsling og såmaskin for grasfrø.

Kari ønsker å starte gardsdrift på heiltid saman med mannen sin, Per. Men han ønsker i tillegg å halde fram i arbeidet som snikkar i 100% stilling.

Når du skal svare på følgjande oppgåver, må du føresetje sjølv andre opplysningar du treng, også kor garden ligg i Noreg.

## Oppgåve 1 Produksjonsval og driftsplan

a) Kva for produksjon eller fleire produksjonar vil du foreslå ut frå dei føreliggjande opplysningane?

b) Grunngje vala dine gjennom å setje opp ein forenkla driftsplan, som skal innehalde minimum dekningsbidrag og økonomisk oversikt, der du tar omsyn til inntekter og kostnadar, investeringsbehov, arbeidskraftbehov, interesser, tilgang til offentlege verkemiddel m.m.

   Du kan bruke tal frå Håndbok for driftsplanlegging. Du kan også bruke oppsett frå skjema «økonomisk oversikt» frå NIBIO(NILF) P40 for å grunngje vala dine.

## Oppgåve 2 Forretningsplan

a) Kva bør ein forretningsplan innehalde? Beskriv kort dei enkelte delane.

b) Kva kan du bruke forretningsplanen til? Kva nytte kan han ha viss det skal startast ein tilleggsproduksjon på gardsbruket til Kari og Per?

## Oppgåve 3 Forsikringar og økonomisk risiko

a) Ut frå produksjonen du har valt i oppgåve 1, vurder kva forsikringar Kari bør ha.

b) I økonomistyring er reduksjon av risiko sentralt. Drøft også andre tiltak enn forsikringar for å redusere økonomisk risiko på garden.

## Oppgåve 4 Energi og miljø

Ut frå gitte opplysningar og dine eigne føresetnader skal du for gardsbruket til Kari foreslå tiltak for:

a) ENØK

b) Bruk av alternative energikjelder

c) Andre tiltak til beste for miljøet

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen vedlegg. |
| **Informasjon om vurderingen** | Når du løser oppgavene, må du beskrive og begrunne valgene du tar. Det er svært viktig å disponere eksamenstiden godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgavene.<br><br>Du viser ellers kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:<br>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunktene dine og forslagene dine til løsning på oppgaven<br>• Ta med ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven.<br>• Gjøre greie for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine<br>• Beherske relevante grunnleggende ferdigheter<br>• Bruke eksempel der dette er relevant<br>• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en formålstjenlig og pålitelig måte |
| **Andre opplysninger** | Oppgavesettet inneholder oppgavene 1, 2, 3 og 4, som alle skal besvares. |

## «Case» / bakgrunn for oppgaven:

Kari skal overta et gårdsbruk fra foreldrene sine. Dyrka mark er i dag er leid bort til naboen Ola. Han har i dag potet- og grasproduksjon på leiejorda. Leieavtalen går ut 31.12.2017.

Melkekvoten er solgt.

Våningshuset er i god stand, det samme er et redskapshus på 80 kvadratmeter. Fjøset er et nedslitt melkefjøs fra 50-tallet med båsplass til 12 kyr. Det er 200 dekar dyrka mark med ca. halvparten moldrik steinfri sandjord og halvparten myrjord.

Myrjorda er rimelig godt drenert.

Det meste av maskiner og utstyr er fra 80-tallet. Det er to traktorer og utstyr for silolegging, jordarbeiding, gjødsling og såmaskin for grasfrø.

Kari ønsker å starte gårdsdrift på heltid sammen med sin mann Per. Men han ønsker i tillegg å fortsette arbeidet som snekker i 100% stilling.

Når du skal svare på følgende oppgaver, må du forutsette selv andre opplysninger du trenger, også hvor gården ligger i Norge.

## Oppgave 1 Produksjonsvalg og driftsplan

a) Hvilken produksjon eller flere produksjoner vil du foreslå ut fra de foreliggende opplysningene?

b) Begrunn valgene dine gjennom å sette opp en forenkla driftsplan, inneholdende minimum dekningsbidrag og økonomisk oversikt, der du tar hensyn til inntekter og kostnader, investeringsbehov, arbeidskraftbehov, interesser, tilgang til offentlig virkemidler m.m.

   Du kan bruke tall fra Håndbok for driftsplanlegging. Du kan også bruke oppsett fra skjema «økonomisk oversikt» fra NIBIO(NILF) P40 for å begrunne valgene dine.

## Oppgave 2 Forretningsplan

a) Hva bør en forretningsplan inneholde? Beskriv kort de enkelte delene.

b) Hva kan du bruke forretningsplanen til? Hvilken nytte kan den ha hvis det skal startes en tilleggsproduksjon på gårdsbruket til Kari og Per?

## Oppgave 3 Forsikringer og økonomisk risiko

a) Ut fra produksjonen du har valgt i oppgave 1, vurder hvilke forsikringer Kari bør ha.

b) I økonomistyring er reduksjon av risiko sentralt. Drøft også andre tiltak enn forsikringer for å redusere økonomisk risiko på gården.

## Oppgave 4 Energi og miljø

Ut fra gitte opplysninger og dine egne forutsetninger skal du for gårdsbruket til Kari foreslå tiltak for:

a) ENØK

b) Bruk av alternative energikilder

c) Andre tiltak til beste for miljøet

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap